

# Høringsuttale



Norsk Studentunion  
-stiftet 1936 -

Thorvald Meyers gate 7, 0555Oslo  
Tlf: 22044950. Fax: 22044969  
E-mail: [nsu@nsu.no](mailto:nsu@nsu.no)  
Web: [www.nsu.no](http://www.nsu.no)

---

## Endring i forskrifter om opptak til universitet og høgskular

Høringsuttale frå  
Norsk Studentunion

---

Norsk Studentunion (NSU) vil takke for førespurnaden om å gje høyringsuttale. Som nemndt tidlegare ved endringar i denne forskrifta, er NSU positive til at ein tek opp forskrifta til vurdering, for å endre ho i takt med utviklinga.

NSU er positiv til departementet sitt endringsforslag. Me er einige i at det er viktig med mest mogleg likebehandling av studentane mellom dei ulike institusjonane, og har trua på at departementet sitt forslag vil føre til dette.

No når departementet har oppe forskrifta om opptak til universitet og høgskular, meiner NSU at departementet og bør sjå på moglegheiten for eit tillegg til føreskrifta sin § 4-1 Spesielle opptakskrav. Det bør opprettast eit nytt punkt som gjer det mogeleg å gå direkte frå VG 3 Naturforvaltning til aktuelle landbruksfag innanfor høgare utdanning. Dette var mogeleg før Kvalitetsreformen, men har no falle ut. Kandidatar som før kom denne vege hadde ein stort føremon då dei hadde ein praktisk kunnskap om faget med seg frå vidaregåande. I tillegg har dei god oversikt over det teoretiske grunnlaget i biologiske prosessar og kan setja desse inn i ein samanheng.